



Kva er interkulturell kommunikasjon?

Kristin Rygg

NHH

Summary

The new and challenging field of intercultural communication is today taught in institutions of higher education in Norway by teachers having a wide variety of backgrounds, including language teachers, priests and anthropologists. Since Norwegian universities do not offer a higher degree in this specific field, it is left up to the individual teacher to find relevant information concerning the subject field, its history and research paradigms. There is also the issue of why and how it should be taught, which can be both a challenging and time-consuming task. This article attempts to assist these busy teachers by giving them a general overview of the field's history, its main contributors, relevant terminology and content. The article also includes a discussion of teaching aims and teaching methods, and warns against focusing purely on subject content and skills without developing the students' attitudes and sensitivity towards cultural differences.

1. Innleiing

Dei færreste lærebøkene innan tverrkulturell/interkulturell kommunikasjon gir ei innleiing om kven som har bidratt til forskning på feltet, kva feltet omfattar, paradigme og eventuelt paradigmeskifte osv. Rogers (1994: xiii) seier om fagfeltet kommunikasjon:

Communication is often taught without much discussion of its roots. One result of this ahistorical nature of many communication courses today is that most students of communication do not know where their field comes from.

Faget kan lett oppfattast som “rather effete and airy-fairy”, hevdar Smith (1982: 254). Det er ikkje ein gong heilt enkelt å finne klare kontrastive definisjonar på hovudtermene interkulturell (*intercultural*) kommunikasjon versus tverrkulturell (*cross-cultural*) kommunikasjon. Eit raskt blick på norske lærebøker viser forvirringa. Øyvind Dahl si mykje brukte lærebok har tittelen *Møter mellom mennesker. Interkulturell kommunikasjon* (2001), mens Agnes Fife si bok med same hovudinnhald heiter *Tverrkulturell kommunikasjon* (2002)¹.

Denne artikkelen er eit forsøk på å gi den innleiinga som saknast i lærebøkene, fyrst historia (Kven har bidratt? Frå kva fagfelt og kultur kjem forskarane? Kva kultursyn har dei?) og deretter innhald (Definisjonar, forskingsområda og spesielt kva lingvistar har bidratt med). Siste del diskuterer mål og metode i interkulturell kommunikasjonstrening.

2. Historie

Ein kan sjå to grunnar til historieløysa nemnd innleiingsvis. Den eine er at mange slike kurs fyrst og fremst har eit praktisk og ikkje eit akademisk siktemål. Det var slik faget oppsto i USA på 1950-talet. Sosialantropologen Edward T. Hall var sjef for Point IV Training Pro-

¹ Fife grunngir sitt val av tittel slik: “Til tross for at ‘tverr’ kan ha en negativ konnotasjon på norsk, er utgangspunktet i denne boken at det er det mest dekkende fordi det indikerer hvordan partnere kommuniserer på tvers av kulturelle barrierer.” (Fife 2002: 18)

gram at the Foreign Service Institute (FSI) frå 1950 til 1955.² Programmet skulle gi språk- og kulturkunnskapar til framtidige diplomatar og andre statstilsette på veg til postar i utlandet. Til å begynne med underviste Hall ut frå sin bakgrunn som antropolog og med røymsler frå oppvekst i New Mexico, arbeid blant Navaho og Hopi indianarane og observasjonar på den amerikanske militærbasen i Truk i Mikronesia. “Kva skal vi med kunnskapar om Navaho indianarane når USA ikkje har nokon ambassade i Navaholand”, klagde kursdeltakarane (Hall, 1959). Hall konkluderte med at å undervise kultur på eit makronivå slik tradisjonen var innan antropologi, hadde liten overføringsverdi og skapte lite forståing for andre kulturar enn dei det spesifikt vart gitt innføring i. Korleis skulle dei gjera kursa nyttige for studentane uansett kva land dei skulle til? Hall og lingvisten George L. Trager begynte å møtast kvar veke for å diskutere ein ny innfallsvinkel. Trager tok sin postdoktorgrad på Yale saman med lingvistane Edward Sapir og Benjamin Lee Whorf. Whorf si hypotese om korleis språk påverkar menneskeleg tenking og dermed også kulturen i det gitte språkområde (Whorf 1940/1956) var viktig for Hall sin seinare definisjon av kultur som “kultur er kommunikasjon. Kommunikasjon er kultur”. Bindinga mellom kultur og kommunikasjon var vidare inspirert av antropologar som Franz Boas og Ruth Benedict. I antropologi ser ein kommunikasjon som den prosess der kulturforskjellar blir uttrykte og konstruerte (Gudykunst/Mody 2002: 51). Dette samarbeidet mellom antropologi og lingvistikk resulterte i ein treningsmanual der ein i staden for å skildre til dømes mikronesiske helsemåtar mikronesarar imellom³, såg på **interaksjonen mellom to samtalepartnarar med ulik kulturbakgrunn** og prøvde å finne korleis kulturforskjellar anten hemma eller fremja vellykka kommunikasjon. Ein prøvde også å finne fellestrekk kulturar imellom. Inspirert av Bernstein (1971), som hevda at kommunikasjon hos arbeidarklassen var meir avhengig av kontekst (*restricted codes*) enn hos middelklassen (*elaborated codes*), hevda Hall at kulturar varierte i kva grad kommunikasjon var avhengig av kontekst. Høgkontekstkommunikasjon har større mistru til det verbale språk og ser kommunikasjon holistisk i det at alt frå verbalt og nonverbalt språk til kontekst og samtalepartnarane sin status og forhold til kvarandre er viktige for å tolke budskapet, mens i lågkontekstkommunikasjon kan det verbale språk i større grad tolkast uavhengig av andre faktorar.

Gjennom 50- og 60-talet vart opplegget vidareført i kurs for forretningsfolk, innvandrarar, misjonærar, internasjonale studentar, frivillige i det nyoppstarta Fredskorpset (1961) og andre internasjonale organisasjonar. Manualen vart forløparen for Hall sin så kjente bok *The Silent Language* (1959), som har vore inspirasjon for seinare forskning i skjeringfeltet mellom kultur og lingvistikk. “The silent language” står for det nonverbale språket, som Hall kalla “out-of-awareness communication behavior”, inspirert av Freud sine teoriar om det umedvitne og interesse for biologi, særleg dyrs åtferd. *The Hidden Dimension* (1966) til dømes, som omhandlar korleis menneske oppfattar og brukar dimensjonen rom ulikt, er inspirert av Paul MacLean sine studiar av reptiler (Sorells 1998).

Korleis kan ein seie at interkulturell kommunikasjon begynner med Hall? Rogers, Hart og Miike (2002: 8) seier det slik:

Many concepts utilized today in the field of intercultural communication had been formulated in the decades prior to the intellectual heyday of the Foreign Service Institute from 1951 to 1955. Examples are George Simmel’s (1908 and 1921) concepts of the stranger, William Graham Sumner’s (1946/1940) concept of ethnocentrism, and Benjamin Lee Whorf’s (1940) linguistic relativity theory. However, in 1951 the study of intercultural communication did not yet have a name, its

² Informasjon om Edward T. Hall og oppstarten på interkulturell kommunikasjon kan ein lesa om i Hart (1996), Rogers, Hart & Miike (2002), Leeds-Hurwitz (1990) og Pusch (2004).

³ Dette kallast **intrakulturell kommunikasjon**, altså kommunikasjon mellom menneske frå same kultur.

conceptualization at the intersection of culture and communication had not yet occurred, and the study of nonverbal communication as a “silent language” component of intercultural communication had not been recognized. The field of intercultural communication was in a pre-paradigmatic era (Kuhn 1962/1970) before 1950.

At interkulturell kommunikasjon er eit relativt nytt fagfelt, kan vere den andre grunnen til manglande historie. Forskarar som begynte å interessere seg for feltet, hadde ulike bakgrunnar og “dreiv innom” og gav sine bidrag for så å forsvinne ut igjen til sine opphavlege forskingsfelt (Rogers 1994). Edward T. Hall kan kallast faget sin grunnleggjar fordi han var den fyrste som brukte termen interkulturell kommunikasjon og fordi han vart verande i dette fagfeltet og vidareutvikla det, hevdar Hart (1996). Hart analyserer utviklinga av fagfeltet på bakgrunn av Kuhn sitt (1970) kart over kva stadiar eitkvart forskingsfelt gjennomgår.⁴ Med *The Silent language* kom den fyrste “comprehensive” analysen av samanhengen mellom kommunikasjon og kultur og dermed etableringa av eit “conceptional framework”. Dette er det fyrste stadiet hos Kuhn. Det neste eit fag treng, er “paradigm-acceptance”. Med paradigme meiner Kuhn oppfatningar, verdiar og metodar felles for ei gruppe forskarar. 1960-åra såg utstrakt testing av dei hypotesane som var framsette i tiåret før, fyrst og fremst testing i praksis gjennom innsamling og analyse av eigne og andre sine interkulturelle røymsler.

1970 var det tiåret då faget fekk akademisk status. Frå fyrst og fremst å vere praktiske og matnyttige kurs for arbeidslivet, vart det no oppretta bachelor- og masterprogram slik at ved inngangen til 80-talet vart det gitt 200 bachelor-, meir enn 50 master- og 20 doktorgradskurs på amerikanske universitet (Hammer 1995 i Hart 1996). 70-talet såg også oppstarten på organisasjonar⁵ som SIETAR (The Society for Intercultural Education, Training and Research) og tidsskrift⁶ som *The International and Intercultural Communication Annuals* og *International Journal of Intercultural Relations*. The Intercultural Press begynte sitt arbeid i 1977 og er det viktigaste forlaget for publiseringar på feltet. Dei fyrste bøkene for forretningsfolk var Harris & Moran: *Managing Cultural Differences* og Kohls, Robert: *Survival Kit for Overseas Living*, begge publiserte i 1979.

Overgangen til 80-talet såg ei viss identitetskrise og diskusjon rundt kva interkulturell kommunikasjon omfatta eller burde omfatte. Dette er også ei naturleg utvikling ifylgje Kuhn i eitkvart nytt fag. Martin & Nakayama (1997) ser i hovudsak tre tilnæringsmåtar til forskning på interkulturell kommunikasjon frå 80-talet til i dag, basert på vidt ulike syn på menneskenaturen, menneskeleg åtferd og synet på kunnskap. Desse er *funksjonalistisk*, *fortolkande* og *kritisk metode/tilnæringsmåte*, termar henta frå sosiologi (Burrell & Morgan 1988). Den fyrste tar utgangspunkt i eit positivistisk (universalistisk, essensialistisk) syn på kultur som noko statisk og uforanderleg som kan skildrast og at handling med ein viss sikkerhet kan forutseiast. Målet blir å identifisere kulturforskjellar for å kunne spå i kva grad ein kommunikasjonssituasjon vil vere vellykka og i tilfelle ikkje, kva misforståingar som kan koma til å oppstå. Mange av desse studiane har vore nyttige for å identifisere gruppeforskjellar (universelle generaliseringar), men forskarar med divergerande syn har peika på at resultatata ikkje fangar opp at kommunikasjon ofte er like kreativ som forutsigbar og at desse funna tar for lite omsyn til individuelle og kontekststavige variablar. Funksjonalistisk forskning er vidare blitt kritisert for at forskarar i mange tilfelle har tilhøyrt ein annan kultur enn den dei har forska på og at resultatata dermed ikkje er nok sensitive overfor nyansar innan

⁴ Stadia til Kuhn er: 1. Pre-paradigmatic era, 2. Establish a conceptional framework, 3. Paradigm-Acceptance, 4. Founding of a Mature “Normal” Science.

⁵ Sjå vedlegget med liste over organisasjonar og nettverk med fokus på interkulturell kommunikasjon som eksisterer i dag.

⁶ Sjå vedlegget med liste over tidsskrift med fokus på interkulturell kommunikasjon som eksisterer i dag.

den observerte kulturen og at den av den grunn lett resulterer i dikotomiar som er unyanserte (stereotypiske) for store grupper menneske og i verste fall fordomsfulle. Denne kritikken har gjerne kome frå forskarar i ikkje-vestlege kulturar.

Kommunikasjonsetnografi (Hymes 1974) høyrer innunder fortolkande analyse. Den er oppteken av å beskrive kommunikasjonsmønster i situasjonar, til dømes kommunikasjon på ein multikulturell arbeidsplass, observasjon av korleis gjenger av andre og tredjegerasjons innvandrarakommuniserer med kvarandre osv. Forsking innanfor denne tilnæringsmåten har ein tendens til å studere kommunikasjon i EIN spesifikk kontekst heller enn å samanlikne kommunikasjon i ulike kulturar. Denne tilnæringsmåten bygger på eit relativistisk og/eller konstruktivistisk kultursyn der menneskeleg veremåte, inkludert kommunikasjon, endrar seg alt etter kva situasjon ein person befinn seg i og at kultur stadig blir konstruert og omkonstruert av menneskeleg påverknad. Mange av desse studiane har gitt viktige bidrag til grundige analysar av kommunikasjonsmønster i gitte situasjonar eller samfunn. Igjen blir det peika på faren ved forskingsresultat utførte av forskarar som står utanfor den observerte konteksten.

Ein del forskarar meinte at å fokusere på kommunikasjon mellom enkeltpersonar ikkje kunne løyse problem i ein stadig meir global verden og meinte at ein burde inkludere emne som fattigdom, krig og ubalanse i den internasjonale kommunikasjonsflaumen (Smith 1982). Kritisk analyse er oppteken av at kommunikasjon aldri føregår utanfor ein historisk, økonomisk og politisk kontekst. Dei er spesielt opptekne av maktaspektet ved kommunikasjon. Medan interkulturell kommunikasjon elles blir kritisert for å ha vore for lite oppteken av maktaspektet i interpersonell kommunikasjon, har forskning innanfor den kritiske tilnæringsmåten alltid vore oppteken av makt, men ut frå ein annan vinkling. Typiske forskingsfelt er analyse av mediekommunikasjon som kommunikatorer med makt til å forandre verda. Den kritiske tilnæringsmåten bygger også på eit relativistisk og konstruktivistisk kultursyn, men der aktørane ikkje er enkeltpersonar, men organisasjonar.

Det tredje stadiet til Kuhn er "Theory Construction". På 80-talet gjorde blant anna Gudykunst, professor på Department of Speech Communication på California State University, forsøk på å "samle trådane" og skape ein teoretisk basis åleine, eller saman med japanske, koreanske og kinesiske kollegaer. Det var også det tiåret Hofstede publiserte sitt viktigaste verk innan tverrkulturell kommunikasjon i Europa, *Culture's Consequences* (1980). Likevel er det semje om at fagfeltet enno ikkje har nådd det fjerde stadiet til Kuhn, "Founding of a Mature 'Normal' Science", men så er det også dei som meiner at ein ikkje kan venta av eit fag som interesserer seg for menneskelege handlingar, at det skal skje, og at det også kan koma til å hemme faget og føre det inn i ein uheldig stagnasjon. Som Casmir (1988 i Hart 1996: 9) seier:

At the present time, as is true of communication studies in general, intercultural communication is more involved in describing and defining specific instances than the development of any general theory. Of course, those methodologies that had been borrowed from prior communication studies, the social sciences, and, in turn, from the physical sciences have not resulted in the discovery of any lawlike responses in human actions.

3. Innhald

Interkulturell kommunikasjon har henta kunnskapar frå antropologi, lingvistikk, sosiologi, psykologi og pedagogikk. I USA er det i hovudsak innan utdanning/pedagogikk faget har fått ei viktig rolle, naturleg i land der skulen er ein multikulturell arena, seier Janet Bennett,

grunnlegger av Summer Institute for Intercultural Communication (SIC) i Oregon, USA og forfattar av utallige bøker om interkulturell kommunikasjonstrening. Ein oversikt over kursdeltakarane på sommarskulen i sommar, viste at hovudvekta av dei amerikanske kursdeltakarane kom frå faglege eller administrative stillingar i skulen. Dei europeiske kursdeltakarane kom i større grad frå konsulentverksemd og forskning.

3.1 Definisjoner

Vi finn lærebøker som skiljer klart mellom interkulturell og tverrkulturell kommunikasjon. Ei slik er Gudykunst og Mody (2002) *Handbook of International and Intercultural Communication*. Som nemnt tidlegare, var Gudykunst ein av dei mest aktive på 80-talet i forsøket på å einast om definisjonar og paradigmer innan feltet. Gudykunst definerer **tverrkulturell kommunikasjon** som samanlikning av menneskeleg kommunikasjon frå kultur til kultur (op. cit.: 19). Eit utgangspunkt kan til dømes vere å studere korleis kinesarar titulerer sine overordna for så å samanlikne det med det same i Noreg i eit **emisk** studium på same måte som ein innan lingvistikken gjer kontrastive analysar. På den andre sida tar **etiske** studiar utgangspunkt i kulturelle variablar som fattar vidare enn nasjonar. Døme på etisk forskning er Triandis si (1972) skildring av kollektivistiske versus individualistiske kulturar, Kluckholm og Strodtbeck sine (1961) universelle verdiar i synet på menneskenaturen og i menneskas forhold til naturen, aktivitet, kvarandre og tid, eller Ting-Toomey sin “Face-Negotiation Theory” (1988). Frå Europa har vi nederlendaren Hofstede sine kulturelle variablar mellom kollektivism vs. individualisme, stor eller liten makttdistanse, høg eller låg grad av usikkerhetsunnvikelse og maskuline vs. feminine verdipreferansar i ein gitt nasjon. Trompenaars og Hamdten-Turner (1997), også frå Nederland, foreslår andre; “Universal vs. particular, individualism vs. collectivism, affective vs. neutral, spesific vs. diffuse, achieved status vs. ascribed status, sequentel vs. synchronic use of time, against nature vs. with nature”. Saman med Hofstede er dette mykje brukte teoriar, spesielt på handelshøgskular i Europa.

Gudykunst definerer **interkulturell kommunikasjon** som kommunikasjon mellom (minst to menneske) frå ulik kultur (Gudykunst & Mody 2002: 19). Det omfattar teoriar som fokuserer på strategiar for vellykka (*effective*) kommunikasjon ved t.d. å minimisere muligheiter for misforståingar og usikkerheit (Gudykunst's AUM (*anxiety/uncertainty management*) i Gudykunst & Kim 1988: 123-156). Eit anna felt fokuserer på tilpasningsstrategiar, t.d. CAT (Communication accommodation theory) av Gallois, Giles, Jones, Cargile & Ota (1995), som går ut på at ein i visse høve vil prøve å nærme seg (*speech convergence*) eller skilje seg ut (*speech divergence*) frå den andre parten. Eit tredje felt er teoriar som fokuserer på korleis individ forhandlar om, eller markerer sin identitet i ein kommunikasjonssituasjon som t.d. INT (Identity negotiation theory) (Ting-Toomey 1993). Ho hevdar blant anna at dess tryggare eit individ er, dess meir ope er det for å samhandle med menneske frå ulike kulturar. Eit fjerde felt er teoriar med fokus på kommunikasjonsnettverk (kor viktig gruppetilhørsele er for kommunikasjon), og det siste er teoriar som har fokus på den prosessen immigrantar går igjennom for å tilpasse seg ein ny kultur (*acculturation and assimilation*).

Gudykunst knyter i ei anna bok (Gudykunst & Kim 2003: ix) saman tverrkulturell og interkulturell kommunikasjon slik:

For å forstå interkulturell kommunikasjon (kommunikasjon mellom menneske frå ulike kulturar) må vi forstå tverrkulturelle forskjellar i kommunikasjon (t.d. korleis kommunikasjon er lik og ulik på tvers av kulturar). (mi omsetjing)

Den forskinga som ikkje er interpersonell, men frå samfunnsorganisasjonar (t.d. politisk kommunikasjon og mediakommunikasjon), kallar Gudykunst **Internasjonal kommuni-**

kasjon. Om termane interkulturell og tverrkulturell kommunikasjon seier Pusch (1979) i kapittel 1:

Both intercultural and cross-cultural refer to interaction, communication, and other processes (conceptual analysis, education, the implementation of public policy, etc.) which involve people or entities from two or more different cultures. There has been some effort to limit intercultural to that which is interactive between and among different cultures and cross-cultural to that which is comparative, but the distinction doesn't hold. In fact, they are used more or less interchangeably and tend to vie with each other for predominance.

Innleiingsvis nemnde eg to mykje brukte bøker på norsk som har titlane interkulturell kommunikasjon og tverrkulturell kommunikasjon, men omhandlar dei same emna. Det stemmer med Pusch sine observasjonar. Det er 25 år sidan Pusch gjorde sine observasjonar av bruken av termane tverrkulturell versus interkulturell kommunikasjon. Har det skjedd ei endring sidan den tid? Gudykunst skiljer klart. Eg har sjekka fire andre mykje brukte grunnbøker for å sjå korleis dei definerer og brukar termane.

Jandt er einig med Gudykunst og seier at tverrkulturell kommunikasjon tar for seg samanlikningar mellom kulturar, mens interkulturell kommunikasjon er oppteken av kommunikasjonssituasjonar der dei aktive har ulik kulturbakgrunn (Jandt 2004: 39).

Samovar/Porter (1997) definerer 'interkulturell kommunikasjon' som noko som skjer kvar gong ein budskap produsert av ein person i ein kultur, skal bli forstått/tolka av ein person i ein annan kultur. Kultur definerer dei essensialistisk. Menneske blir influerte av andre faktorar enn kultur, og er difor ikkje identiske, mens felles verdier, haldningar og normer bind menneske saman i kulturelle sfærer. Kultur kan endrast over tid, men berre på overflata. Dei underliggande verdiene endrar seg svært seint. Det betyr at kunnskap om kulturelle variablar er viktige for å forstå interkulturell kommunikasjon, men denne boka brukar ikkje termen tverrkulturell kommunikasjon.

Landis/Bennett/Bennett (2004: 2) brukar heller ikkje termen tverrkulturell kommunikasjon, men ein seier at interkulturell trening brukar kunnskap frå tverrkulturell psykologi om generelle (etiske) kulturvariablar og kunnskap frå antropologi for å illustrere desse generelle variablane med kulturspesifikke (emiske) eksempel:

Intercultural training draws on **cross-cultural psychology** to present culture-general (etic) taxonomies of cultural contrast and on anthropology to illustrate the culture-general contrasts with culture-specific (emic) examples. The implications of these cultural differences for interaction are then explored, using methods developed by sociolinguists and intercultural communicologists. A typical training program combines this cognitive material with the experiential processes drawn from education and training methodology to simulate cross-cultural experiences and to practice intercultural adaption skills. The result of carefully designed training based on coherent theory and rigorous research is the demonstrable development of intercultural competence. (mi utheving)

Bennett (1998) går vidare med å skilje klart mellom interkulturalistar og dei som forskar på tverrkulturell kommunikasjon. Han understreker at interkulturell kommunikasjon driv lite med samanlikningar av kulturar som er essensielt for tverrkulturell kommunikasjon. Interkulturalistar brukar samanlikningar frå tverrkulturelle studium til å spå om korleis folk frå ulike kulturar vil handle når dei kjem saman, eller for å iaktta og tolke kommunikasjonsprosessen. Interkulturell kommunikasjon fokuserer altså ikkje på samanlikningar, men på interaksjon.

Ved ein sjekk på www.rosaindex.no, ei norsk søketeneste på internett, får ‘interkulturell’ 20532 treff og ‘tverrkulturell’ berre 656 treff. For å oppsummere, verkar det som om termen interkulturell no blir brukt meir enn tverrkulturell og ofte tar opp i seg det som opphavleg var tverrkulturelle emne, fordi kulturgenerelle eller kulturspesifikke hypotesar om kulturforskjell opphavleg frå tverrkulturell forskning, blir brukte som eit bakteppe i tolking av interkulturelle møte.

3.2 Kva lingvistar har bidratt med

Fagområdet interkulturell kommunikasjon begynte med eit samarbeid mellom lingvistik og antropologi. Kvifor var det fyrst og fremst antropologar som førte teoriene vidare i tiåra etter Hall?, spør Rogers, Hart & Miike (2002). Fordi lingvistane tradisjonelt har fokusert på verbal kommunikasjon, hevder Rogers & Steinfatt (1999). Kva rolle det verbale språket spelar for kulturforskjellar, kjem an på om ein ser på språk som skaparar av kultur (jmf. Sapir/Whorf sin *Linguistic Relativism*) eller om ein meiner at språk har universelle trekk (*Cognitive linguistics: Universalism*). Uansett reknast det verbale språket som ein viktig kulturfaktor, men kor mykje det verbale språket blir brukt og korleis det blir vurdert som den viktigaste kommunikasjonsformen, eller berre ein av mange, endrar seg frå kultur til kultur. I mange kulturar er måten noko blir sagt på (språkhandlinga), konteksten (språksituasjonen) og kven det blir sagt av og til (relasjon og status) like viktige for tolkinga som dei konkrete orda som blir brukte. Sidan verbalspråk berre blir sett på som ein av mange kommunikasjonskanalar, finst like mange studiar av nonverbalt språk, korleis kjensler blir uttrykte og forstått ulikt ifrå kultur til kultur osv. Særleg japanske studiar har fokusert mykje på det nonverbale språk frå og med 60-talet då ISU (International Christian University) i Tokyo vart bindeleddet mellom amerikanske og japanske forskarar. Dette var ei tid då den japanske økonomien var på veg opp til å bli ein farleg konkurrent til USA, og det er gjort spesielt mykje forskning på forskjellar i kommunikasjon mellom japanarar og amerikanarar dei siste 40 åra. Ofte har japansk fungerte som eksempel på det motsette av europeisk-amerikansk kultur/kommunikasjon. Sjølv om ein god del forskning er komparative analysar av fonetikk, morfologi, syntaks og semantikk, er det spesielt kunnskapar frå pragmatikk i form av kommunikasjonsetnografi, dvs. diskursanalyse og spesifikt forskning på språkhandlingar, turtaking i samtaler, bruk av tilbakekoblingssignal, kommunikasjonsstil (t.d. eksplisitt/implisitt, lågkontekst/høgkontekst, overdreven (*elaborate*) vs. underdreven (*understated*)), språkbruksstrategiar (høflighetsstrategiar, overtalingsstrategiar osv.) og kodeskifte, som er blitt brukte til å forstå kommunikasjon mellom menneske frå ulike kulturar.

4. Diskusjon om mål og metode

Søk på internett fortel at interkulturell kommunikasjon i Noreg i hovudsak blir undervist i tre ulike kurstypar. Det eine er kurs ved kristne høgskular og folkehøgskular.⁷ Dette er ikkje så merkeleg med tanke på all den interkulturelle erfaring misjonærar kjem heim med. Det andre er språkkurs kombinert med interkulturell kommunikasjon.⁸ Den tredje type kurs blir gitt av

⁷ Eksempel: SIK (Senter for Interkulturell Kommunikasjon) ved Misjonshøgskolen i Stavanger, NLA (Norsk Lærerakademi) i Bergen har kurset “Interkulturell Forståelse”, Ansgarskolen har bachelorkurs i “Interkulturell forståelse”, Mediehøgskolen Gimlekollen har kurset “Tverrkulturell kommunikasjon” og folkehøgskuler som har kurs i samme emne, er blant anna Sagavoll, Hald og Follo.

⁸ Eksempel: BI i Oslo har kurs som kombinerer generelle kunnskapar om interkulturell kommunikasjon med utvida engelskkunnskapar. NHH i Bergen har masterkurs i Intercultural Business Communication der halve kurset er generell info om interkulturell kommunikasjon og områdekunnskap om 5 ulike regionar (spansk, fransk, tysk, engelsk og japansk), mens den andre halvdelan har fokus på forretningskommunikasjon (førebels

dei fleste høgskulane og universiteta og har som målsetting å møte behovet for kunnskap om kulturelt mangfald, utviklingsspørsmål og globalisering. Desse kursa kallast gjerne “flerkulturell forståelse” heller enn interkulturell kommunikasjon nettopp fordi kommunikasjon ikkje er ein sentral del av kurset. Ein del av desse kursa er spissa til spesielle yrkesgrupper som pedagogar, tilsette i helsevesenet, folk i kommune og fylkeskommune som arbeider med flyktningar og dei som skal jobbe i utviklingsarbeid i den tredje verda.

Det er lett å føle at ein ikkje er kvalifisert til å undervise i interkulturell kommunikasjon. Ikkje har det vore mogeleg å ta ein grad i faget i Noreg, og kven har vel kompetanse i både sosialantropologi, lingvistik, sosiologi, psykologi og pedagogikk som faget hentar kunnskap frå? Kva lærebok, metodar og teoriar skal ein velje? Kva skal vera målsettinga med kurset? Er målgruppa studentar som skal drive samhandel med folk frå andre kulturar sporadisk frå ein base i heimlandet sitt, tenker ein kanskje at interkulturell kommunikasjon skal vera ”ein verktøykasse” med forventa kulturforskjellar å plukke frå når ein kommuniserer med menneske frå andre kulturar. Eg lærer til dømes mine studentar korleis helsemåtar, bruken av mimikk, og ordet ja brukast ulikt på norsk og japansk, slik at studentane skal unngå typiske misforståingar i framtida. I tillegg til **kunnskapar** om kulturelle likskapar og ulikskapar, gir eg dei **reiskapar** i form av det japanske språk, kunnskapar om korleis ein driv handel med japanarar, forretningskorrespondanse osv.

Eit spørsmål mange er opptekne av, er om vi forsterkar fordomar ved å fokusere på kulturforskjellar i undervisninga? Ja, det kan vi absolutt gjere. Om mine japanskstudentar berre lærer generaliserande og overflatiske “does and donts” utan å forstå kvifor desse er like logiske, bra og naturlege for dei som har vakse opp i den kulturen som våre er for oss, og heller ikkje diskuterer individuelle, regionale eller sosiale skilnader innan ein gitt kultur, har eg ikkje nådd mine målsettingar med kurset. Røynsle viser også at slike “verktøykassar” fort blir forkasta fyrste gong ein opplever noko som ikkje stemmer med det ein har lært. Samstundes kan vi ikkje unngå å snakke om kulturforskjellar. Bennett (1998: 6) seier:

Despite the problems with stereotypes, it is necessary in intercultural communication to make cultural generalizations. Without any kind of supposition or hypothesis about the cultural differences we may encounter in an intercultural situation, we may fall prey to naive individualism, where we assume that every person is acting in some completely unique way. Or we may rely inordinately on “common sense” to direct our communication behavior. Common sense is, of course, common only to a particular culture. Its application outside of one’s own culture is usually ethnocentric.

Studentar reagerer ofte negativt på stereotypiar om seg sjølve/eigen kultur, men dess fjernare ein kultur oppfattast, dess mindre er motstanden mot generelle utsegn som desse henta frå ei innføringsbok i det å drive forretning med japanarar:

Japanese children are encouraged to be completely dependent and keep a sense of interdependence throughout their lives, ...They do not like meeting newcomers, ...They represent their group and can not therefore pronounce on any matters without consultation – cannot initiate an exchange of views. (Lewis 1982: 262)


Ved å bruke resultat både frå funksjonalistisk og fortolkande analyse, kan vi kanskje unngå ein del polarisering eller forenkling av kulturforskjellar. Eg brukar forskning frå den funksjonalistiske metode til å gi ei generell innføring i japansk indirekte høgkontekstkommunikasjon. Samstundes viser eg til undersøkingar om at når japanarane svarte på engelsk i ein spørjeundersøking i staden for på japansk, vart svara meir direkte kunnskap frå fortolkande

berre på engelsk). På Bachelor finst også eit kurs som kombinerer reiskapar i engelsk med kunnskapar om interkulturell kommunikasjon.

analyse (Hayashi & Suzuki 1997). Eg brukar også kunnskap frå den kritiske metode til å læra studentane kritisk kjeldekritikk. I periodar der Japan har vore den største økonomiske konkurrenten til USA, har dette også farga amerikanarane sine skildringar av japansk forretningskultur (Sugimoto 2003: 13). På denne måten har eg prøvd å skape eit mest mogeleg allsidig bilde av japansk kultur og kommunikasjon.

Eg meiner at kunnskapar (å lære å forstå) og dugleik (å lære å gjere) er farlege utan at studentane også lærer **haldningar** (sjølvinnstilt og sensitivitet overfor andre kulturar). Kunnskap om interkulturell kommunikasjon er ingen garanti for større grad av sensitivitet i møte med andre kulturar (Barnlund i Bennett 1998: 37). Eg har sjølv erfart at teori eg på førehand hadde gitt til studentar på kurset interkulturell forståing på NLA, hadde liten og ingen effekt når dei møtte kultursjokk i Kina. Reaksjonane var høgst etnosentriske: kinesarane fekk ver så god forståing kva rettast norske ungdommar har. Alt anna var unormalt og urettferdig. Først etterpå kunne eg knyte erfaringane deira til teori og på den måten skape ny innsikt. “Enkeltindivid har ein tendens til å ønske å kome den andre part i møte berre i situasjonar ein ikkje opplever truande og der ein opplever den andre som lik seg sjølv” (Martin og Nakayama 1997:34). Korleis kan vi hjelpe studentar til ein større grad av sensitivitet? Gir vi reiskapar til å betre akseptere eller tilpasse seg andre kulturar? Metodar Hall og Trager brukte for å belyse studentane sine praktiske interkulturelle erfaringar som rollespel, case og simuleringsøvingar, er vanlege også i dag i interkulturell trening. Simuleringsøvingar som BaFà BaFà (Shirts 1974/1995) og Barnga (Thigarajan & Steinwachs 1990) kan gi ubehagelege kultursjokk, men også nyttig innsikt i ikkje-truande omgjevingar innanfor rammene av eit klasserom. Men å lære interkulturell kommunikasjon kan likevel vera ei truande oppleving. Det får ein til å stille spørsmålsteikn ved eins eigne mest umedvitne verdiar. For mykje stimuli for raskt kan resultere i at ein trekker seg tilbake og heller begynner å forsvare sin eigen kultur som betre eller meir normal enn den andre, og dermed motarbeide læring. Fleire forskarar peiker på at for å oppnå effektiv læring, må ein som pedagog vite kva ulike stadier i sensitivitet overfor andre kulturar ein kan rekne med å finne i ei studentmasse, og så langt råd er innrette undervisninga deretter. Det er til dømes bortkasta å lære studentar som ikkje er seg medvitne om at dei er kulturelle individ, om andre kulturar, meiner Bennett (1998). Milton og Janet Bennet står bak utforminga av eit reiskap som har som føremål å teste på kva nivå nokon befinn seg i medvitet om og haldningar til kulturforskjellar kalla DMIS (the Development Modell og Intercultural Sensitivity) (Bennett 1998:1, se figur 1)

The DMIS model of cultural sensitivity:



Figur 1

Modellen har tre etnosentriske stadium, “denial”, “defence” og “minimization”. I det fyrste har kulturforskjellar lite relevans fordi ein er minimalt i kontakt med menneske frå andre kulturar og ein difor ikkje er sensitiv overfor kulturell påverknad. Økonomistudentar som befinn seg på dette stadiet, vil reagere med forbauselse på at kultur er del av utdanninga, seier Janet Bennett. Ein typisk reaksjon vil vera “vi snakkar då alle engelsk” eller “vi er då alle

forretningsfolk”. I det andre stadiet (“defence”) opplever ein at eins eigen kultur blir angripen og er difor ikkje positiv til å lære om andre kulturar. I det tredje (“minimization”) ønskjer ein å unngå eller ha minst mogleg fokus på forskjellar, ofte som ein reaksjon på menneske i stadiet “defense”. Ein seier gjerne: “Men vi er då alle menneske” eller “Vi er alle del av ei global verd”. Alle tre er etnosentriske på den måten at dei anten finn kulturforskjellar irrelevante, truande eller uvesentlege. Utan å vedkjenne seg forskjellar kan ein heller ikkje gjere anna enn å tolke andre menneske si åtferd gjennom egne kulturelle briller. Har ein denne typen studentar, seier Bennett, må ein fyrst la studenten oppdage kor mykje han eller ho er farga av sin eigen kultur heller enn å snakke om korleis det er i andre kulturar. I DMIS er pedagogen si rolle å leia studentane på vegen mot etnorelativisme. Med det meiner dei ei haldning der ein ikkje lenger ser kulturar som min og din, eller verdier og haldningar i svartkvitt som normalt/bra/vesentleg mot unormalt/rart/uvesentleg. Målet er at ein skal bli i stand til å **akseptere** forskjellar utan å dømme (“the Acceptance Stage”). Nokon kan kome dit at dei ønskjer å inkorporere det dei likar frå andre kulturar inn i sin eigen identitet (“the Adaptation Stage”). Andre gjer det umedvitent (“the Integration Stage”). Desse stadia trur eg ikkje vi kan ha som mål å føre studentane inn i, men vi kan kome til å ha studentar med internasjonal erfaring anten som innvandrarak eller heimvende utvandrarak i våre klasserom. Desse studentane treng gjerne hjelp til å ta verdival og skape sin eigen identitet der dei befinn seg mellom fleire kulturar. I jakta på målsetting for kurs i interkulturell kommunikasjon har eg brukt desse overordna måla (Ruben & Kealy 1979 i Fife 2002: 143):

- Evne til å vise respekt
- Evne til ikke å fordømme
- Evne til å akseptere at egen kunnskap og eget syn er relativt
- Evne til empati
- Evne til å være fleksibel
- Evne til turtaking i samtaler
- Toleranse for tvetydigheter.

Dette er sikkert ikkje ei uttømande liste, men eit utgangspunkt når ein skal velje læringsmål, pensum og metode for å minne ein om at ein tar med mål om kva haldningar ein ønsker studentane skal kome ut med, ikkje berre kunnskapar og reiskapar.⁹

Talkington & Lengel (2003) held på med ei større undersøking der dei kartlegg både teori og metodar brukte i dei ulike kursa i interkulturell kommunikasjon i USA og i Europa. Det er viktig at nokon tar på seg jobben å “samle trådane” i faget, men ei slik kartlegging bør også diskutere kva underliggande kultursyn og læringsyn desse kursa har. Om ein har eit pedagogisk syn der ein tar utgangspunkt i dei røynsler om og innstilling til kulturforskjellar studentar kjem med, og ikkje ser dei som tomme kar som skal fyllast med kunnskap, treng ein også meir forskning på kartlegging av ulike stadia av interkulturell sensitivitet i Noreg både på eit nasjonalt og eit individuelt nivå. Vidare treng ein tilbod til dei som ønskjer å skolere seg innan faget interkulturell kommunikasjon som eigen disiplin. Med erfaring og kompetanse står ein betre rusta til å unngå useriøs litteratur og til å utvikle forskingsbaserte treningsprogram og læremiddel som kan gjere folk i betre stand til å leve i ei multikulturell verd.

⁹ For ein god oversikt over dei mest brukte metodane innan faget og ei vurdering av desse, sjå Fowler og Blohm (kap. 3) i Landis, Bennett og Bennett (2004).

Litteraturliste

- Barnlund, D. (1998) Communication in a global village. I: Bennett, M.J. (ed.). *Basic Concepts of Intercultural Communication. Selected Readings*. Yarmouth, e.: Intercultural Press.
- Bennett, M. J. (ed.) (1998) *Basic Concepts of Intercultural Communication. Selected Readings*. Yarmouth, Me.: Intercultural Press.
- Bennett, J. M. (2003) Turning frogs into interculturalists. I: Boyacigiller, N.A., Goodman, R.A. & Phillips, M-E. (eds.) *Crossing Cultures: Insights from Master Teachers*. New York: Routledge. 157-170.
- Bernstein, B. (1971) Class, codes and control: vol. 1. *Theoretical studies toward a sociology of language*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Burrell, G. & Morgan, G. (1988) *Sociological paradigms and organizational analysis*. Portsmouth, NH: Heinemann.
- Dahl, Øyvind (2001) *Møter mellom mennesker. Interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal.
- Fife, Agnes (2002) *Tverrkulturell kommunikasjon*. Oslo: Yrkeslitteratur AS.
- Fowler, S.M. & Blohm, J.M. (2004) An analysis of methods for intercultural training. I: Landis, D./ Bennett, M. / Bennett, J.M. (eds.) *Handbook of Intercultural Training*. Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications.
- Gallois, C., Giles, H., Jones, E., Cargile, A. & Ota, H. (1995) Accomodating intercultural encounters. I: Wiseman, R.L. (ed.) *Intercultural communication theory*. London: Sage.
- Gudykunst, W. B. & Mody, B. (eds.) (2002) *Handbook of International and Intercultural Communication*. Thousand Oaks, CA: Sage Publishers.
- Gudykunst, W. B. & Kim, Young Yun (⁴2003) *Communicating with Strangers. An Approach to Intercultural Communication*. Boston: Mc Graw Hill
- Gudykunst, W. B. & Kim, Young Yun (eds.) (1988) *Theories in Intercultural Communication*. Newbury Park, CA.: Sage.
- Hall, E. T. (1959) *The Silent Language*, Garden City, N.Y: Doubleday.
- Hall, E. T. (1966) *The Hidden Dimension*. Garden City, N.Y: Doubleday.
- Harris, P.R. & Moran, R.T. (1979) *Managing Cultural Differences*. Houston: Gulf
- Hart, William B. (1996) "A brief History of Intercultural Communication: A Pragmatic Approach." Papers presented at the Speech Communication Association, San Diego, CA. Lastet ned 28.06.05 fra web.odu.edu/webroot/instr/AL/wbhart.nsf/pages/histICC. 1-13
- Hayashi, C. & Suzuki, R. (1997) *Shakai-chosa to Suryo-ka* (Social Survey and the Quantification methods). Tokyo: Iwanami-shoten.
- Hofstede, G. (1980/2001) *Culture's Consequences; Comparing Values, Behaviors, Institutions and Organizations Across Nations*. Thousand Oaks, Calif.: Sage.
- Hymes, Dell (1974) *Foundations in sociolinguistics: An ethnographic approach*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Jandt, Fred E. (2004) *An Introduction to Intercultural Communication*. Thousand Oaks, CA: Sage.
- Kluckholm, F. & Strodtbeck, R. (1961) *Variations in value orientations*. New York: Row Peterson.
- Kohls, L.R. (1979) *Survival Kit for Overseas Living*. Yarmouth, Me: Intercultural Press.
- Kuhn, T.S. (1962/1970) *The Structure of Scientific Revolutions*. Chicago: University of Chicago Press.
- Leeds-Hurwitz, W.L. (1990) Notes in the History of Intercultural Communication: The Foreign Service Institute and the Mandate for Intercultural Training. *Quarterly Journal of Speech*, 76. 262-281.
- Lewis, Richard D. (1982) *When Culture's Collide: Managing Sucessfully Across Cultures*. Boston: Nicholas Brealey Publishing.
- Landis, D./ Bennett, M./ Bennett, J.M. (eds.) (2004) *Handbook of Intercultural Training*. Thousand Oaks, CA: Sage.
- Martin, J.N. & Nakayama, T.K. (1997) *Intercultural Communication in Contexts*. Mountain View, CA: Mayfield.
- Pusch, M.D. (ed.) (1979) *Multicultural Education: A Cross Cultural Training Approach*. Yarmouth, ME: Intercultural Press.
- Pusch, M.D. (2004) Intercultural Training in Historical Perspective. I: Landis/Bennett/Bennett (eds.) *Handbook of Intercultural Training*. Thousand Oaks, CA: Sage. 13-36.
- Rogers, E. (1994) *A History of Communication Study*. New York: Free Press.
- Rogers, E. & Steinfatt, T.M. (1999) *Intercultural Communication*. Prospect Hights, IL: Waveland Press.
- Rogers, E.M./Hart, W.B./Miike, Y. (2002) Edward T. Hall and the History of Intercultural Communication: The United States and Japan. I: *Keio Communication Review*, 24. 3-26.
- Samovar L.A. & Porter, R.E. (eds.) (⁸1997) *Intercultural Communication. A Reader*. Belmont, Calif.: Wadsworth.
- Shirts, R.G. (1976) *BaFà BaFà: A cross-cultural simulation*. Del Mar, Calif.: Simile II.
- Smith, A. (1982) "Content Decisions in Intercultural Communication". I: *Southern Speech Communication Journal*, 47. 257-262.

- Sorrels, K. (1998) Gifts of Wisdom: An Interview with Dr. Edward T. Hall. I: *The Edge: The E-Journal of Intercultural Relations*, 1(3). 1-12.
- Sugimoto, Yoshio (2003) *An Introduction to Japanese Society*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Talkinton, B. & Lengel, L. (2003) Lastet ned 25.08.05 fra <http://www.lang.ltsn.ac.uk/resources/paper.aspx?resourceid=2047>. 1-4.
- Thigarajan, S. & Steinwach, B. (1990) *Barnga: A simulation game on cultural clashes*. Yarmouth, ME: Intercultural Press.
- Ting-Toomey, S. (1988) Intercultural Conflict Styles: A Face-negotiation Theory. I: Gudykunst, W. B. & Kim, Young Yun (eds.) *Theories in Intercultural Communication* Newbury Park, CA: Sage. 213-238.
- Ting-Toomey, S. (1993) Communicative Resourcefulness: An Identity Negotiation Theory. I: Wiseman, R.L & Koester, J. (eds.) *Intercultural communication competence*. Newbury Park, CA.: Sage. 72-111.
- Triandis, H.C. (1995) *Individualism & Collectivism*. Boulder, CO : Westview Press.
- Trompenaars, F. & Hampden-Turner, C. (1997) *Riding the Waves of Culture. Understanding Cultural Diversity in Business*. London: Nicholas Brealey.
- Whorf, B.L. (1940) Science and Linguistics. *Technology Review*, 44. 229-248.
- Whorf, B.L. (1956) *Language, thought and reality: Selected writings*. Cambridge, MA: MIT Press.

Vedlegg

ORGANISASJONAR OG NETTVERK MED FOKUS PÅ INTERKULTURELL KOMMUNIKASJON

SIETAR <http://www.sietar.org/>

Med over 3000 medlemmer er SIETAR (the Society for Intercultural Education, Training and Research) det største tverrfaglege nettverket som finst for studentar og profesjonelle som arbeider innanfor feltet interkulturell kommunikasjon. SIETAR vart grunnlagd i USA i 1974. Interesse frå folk utanfor USA auka raskt og nettverket vart omdøyppt til SIETAR International. SIETAR Europa vart grunnlagd i 1991 og inkluderer no nasjonale grupper i Tyskland, Frankrike, Storbritannia, Nederland og Austerrike i tillegg til individuelle medlemmer frå andre europeiske land.

NIC <http://www2.bi.no/nic/>

The Nordic Network for Intercultural Communication (NIC) vart grunnlagd i 1994 for å fremje interkulturell forskning og utdanning i Norden og dei baltiske landa.

ABC <http://www.businesscommunication.org/>

Association for Business Communication (ABC) er ein internasjonal organisasjon som har som mål å fremje og styrke stipendordningar, forskning, utdanning og praktisk arbeid innan forretningskommunikasjon. Organisasjonen har eksistert i over 60 år. ABC er for tida delt inn i fem amerikanske og 4 internasjonale regionar. Dei fire internasjonale er Canada, Europa, Asia/Pacific og Mellom- og Sør-Amerika med Karibia. ABC Europe vart etablert i November 1996. ABC gir ut to tidsskrift i kvartalet: *Business Communication Quarterly* (BCQ) fokuserer på undervisning innan forretningskommunikasjon. *The Journal of Business Communication* (JBC) fokuserer på artiklar om forretningskommunikasjon på andre arenaer enn undervisning.

ENCoDe <http://www.kwa.unisg.ch/sprachlabor/encode/>

ENCoDe står for European Network for Communication Development in Business and Education. Det er eit tverrfagleg nettverk for dei som jobber med forretnings-kommunikasjon, språkopplæring og interkulturell kommunikasjon med fokus på næringslivet.

TIDSSKRIFTER OM INTERKULTURELL KOMMUNIKASJON

Business Communication Quarterly

European Journal for Intercultural Communication

International Journal of Intercultural Relations

Journal for Language and Intercultural Communication

Journal of Business Communication

Journal of Intercultural Communication

Andre nyttige linkar:

www.interculturalrelations.com

www.interculturalpress.com

www.intercultural.org